

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.02.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Veslemøy Mjelde, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Kenneth Vikane

Referent: Kaia

Styreleiar Gunnar Dalseth var invitert for å orientera om situasjonen i Herand Omsorgsbustader vedkomande vidare samarbeidsavtale med kommunen, status økonomi o.a. Det har blitt ein krevjande økonomi i selskapet etter at det statlege stimuleringsstilskotet fall vekk etter 20 år. Det vert jobba med å finna ei løysing, m.a. i dialog med Ullensvang kommune.

**Sak 2023/10: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2023/11: Godkjenning av referat frå styremøte 10.01.2023.** Godkjent

**Sak 2023/12: Eigedomar:**

- Styret har inngått leigeavtale med Audun Berg for «rektorkontoret» i kulturhuset. Han skal nytte rommet som kontor.
- Spørsmål frå Herand Idrettslag v/Hildegunn Samland om HB kan installere nettforsterkar i gymsalen. Dette vil bli ordna snarast.
- Sigmund Eiken opplyser at det er mistanke om at deler av varmeanlegget i gymsalen er defekt eller har redusert funksjon (Eswa takvarme). Han vil sjekka dette ut.

**Sak 2023/13: Tilstellingar:**

- Bygdelagsbasar laurdag 25.02.2023 kl 15:00. Styret møter kl. 13.00. Styret samlar inn vinstar, ta kontakt om du har noko å gje til basaren. Me vil prøve å gå rundt til alle husstandar med lodbok før basaren og ha sal på Facebook. *Tusen takk for all støtte!*
- Årsmøte for Herand bygdelag vert sundag 26.03.2023 kl 16:00.
- Bygdedugnad laurdag 29.04.2023 kl. 10.00. Herand Kvinne og Familielag stiller med graut og kaffimat. Meld inn arbeidsoppgåver til styret i HB.

**Sak 2023/14: Butikken:**

Status; Bergljot og Audun har plan for opning av ny butikk 25.03.2023.

Lånekapitalen på kr 600.000, - er på plass. Av de 400.000,- i kassakreditt er det kome inn bidrag på kr. 64.000, - fram til no. Her er det ynskje om fleire bidrag.

**Sak 2023/15: Økonomi:**

- Kasserar har sendt søknad om straumstøtte for okt.-des. -22. Det skal og søkjast om driftsstøtte til lagshus til Ullensvang kommune.
- Det er begynt å komme inn bladpengar for 2023, hugs å betale abonnement for Herand bygdeblad, betalingsinfo på s. 3 i blad 1-23.

**Sak 2023/16: Nærmiljøanlegget:**

Info: Det er kjøpt eit lass med murstein frå Hardanger Skifer til muren nedom bingen. Kjell Rune Selsvik hentar steinen og murar ferdig til 17.mai. Skilt til anlegget er tinga hjå Odda Trykk.

**Sak 2023/17: Ullensvang kommune:**

Herand bygdelag vil sende ei høyringsuttale vedkomande framlegg til reguleringsplan for settefiskanlegg i Herand. Frist for innspel er 06.03. Ole var ugild og deltok ikkje i handsaming av saka.

**Sak 2023/18: Andre saker/eventuelt:**

Herand Kulturhistoriske Senter: Margreta S. Eiken og Kaia Gulbrandsen har hatt eit møte med Bård Gram Økland og eit med leiar for turistinformasjonane i Ullensvang, Helene Lillebø, om vidare strategi og drift av senteret.

**Neste styremøte tysdag 14.03.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus**